

Utdrag frå Håvamål ¹	Overført til forskningsetikk og metode (elevane skal sjølve reflektere)
Augo du bruke fyr inn du gjeng, i kot og i kråom, i kot og i krokrom. For d'er uvist å vita kvar uvener sit fyre din fot.	Om å få adgang: Korleis skal du få adgang til å observere og å gjere deltakande observasjon i feltet? Ikkje alle har tid eller lyst til å verte intervjuet eller observerte. <i>Vi byrjar der vi alt har adgang.</i>
Sæl den som gjev! Gjest er inn komen, kvar finn han sess åt seg? Brå vert den som på brandom skal sitja og føre ærend fram.	Feltarbeidaren som «gjest»: Analyse av gjesterolla. Kva vil det seie at feltarbeidaren er gjest på ulike arenaer? Kva bør vi da gjere/ikkje gjere? Har arenaen noko å seie?
Vit han tarv som vidt skal fara; d'er mangt heime høvelegt. Til bisn han vert som veit for lite, når han sit med kloke folk saman.	Å vise respekt for informanten: Vis respekt for informanten sin integritet, også om det som vert sagt kan kome til å provosere deg på noko vis. Les deg opp på temaet du skal undersøkje så er det lettare å stille gode spørsmål.
Av sin eigen klokskap kyte ingen, men ver håvår i hug. Når du gløgg og tagal i gardane sviv, du kjem ikkje brått i beit.	Å lytta viktigare enn å snakke sjølv: Lytt meir enn du snakkar. Nytt lyttinga til å skrive ned så mykje du klarar av det som vert sagt.
Grannvar mann, til gjestebod komen, tegjer med andre talar. Lyder med øyro og med augo skodar, veltenkt og fyre var.	

<i>Betre byrði du ber 'kje i bakken enn mannavit mykje. D'er betre enn gull i framand gard; vit er vesalmanns trøyst.</i>	Emiske og etiske kategoriar: Kva kodar gjeld på ulike arenaer? Har vi forstått informanten sine kategoriar («i framand gard»? Dette er avgjerande for å ta den andre sitt perspektiv.
<i>Til lått skall man med lått svara og møta lyging med lyging</i>	Om å gå i dialog med informantane om resultatet av forskningsprosjektet – vert spesielt viktig når forskningen finn stad i eigen kultur. Vi må tåla at folk er uenige.
<i>Han eine veit som vide reiser og om mellom folk har fari, kor vel sin hug Han held i taume Kvar som veit kva vit er</i>	Forskaren sitt verdisyn: Kva vil vi med forskningsarbeidet vårt og har forskaren sitt verdisyn noko å seia for prioriteringar s om fokus i analysa, utvalg m.m.?
<i>Sjeldan liggjande ulv fårekjøtt får, eller sovande mann siger</i>	Antropologane/sosiologane må aktivt markedsføre sine resultat og metodar. Viktige i ei verd som vert stadig meir pluralistisk, både fagleg og sosiokulturelt på andre måtar.
<i>Spar ikkje mjøden, men med måte du drikk: Sei det som tarvst, eler tei!</i>	Utfordringa i å utforma forskningsrapportar som gjer alle til lags. Konflikten mellom å vera objektiv forskar og å ivareta informantane sine interesser i den ferdige rapporten. Heller ikkje alle informantar er enige, så korleis då inareta alle.

Utdrag frå Håvamål ¹	Overført til forskningsetikk og metode (elevane skal sjølv reflektere)
Augo du bruke fyr inn du gjeng, i kot og i kråom, i kot og i krokrom. For d'er uvist å vita kvar uvener sit fyre din fot.	Om å få adgang:
Sæl den som gjev! Gjest er inn komen, kvar finn han sess åt seg? Brå vert den som på brandom skal sitja og føre ærend fram.	Feltarbeidaren som «gjest»:
Vit han tarv som vidt skal fara; d'er mangt heime høvelegt. Til bisn han vert som veit for lite, når han sit med kloke folk saman.	Å vise respekt for informanten:
Av sin eigen klokskap kyte ingen, men ver håvår i hug. Når du gløgg og tagal i gardane sviv, du kjem ikkje brått i beit.	Å lytta viktigare enn å snakke sjølv:
Grannvar mann, til gjestebod komen, tegjer med andre talar. Lyder med øyro og med augo skodar, veltenkt og fyre var.	
Betre byrdi du ber 'kje i bakken enn mannavit mykje.	Emiske og etiske kategoriar:

<i>D'er betre enn gull i framand gard; vit er vesalmanns trøyst.</i>	
<i>Til lått skall man med lått svara og møta lyging med lyging</i>	Om å gå i dialog med informantane om resultatet av forskningsprosjektet –
<i>Han eine veit som vide reiser og om mellom folk har fari, kor vel sin hug Han held i taume Kvar som veit kva vit er</i>	Forskaren sitt verdisyn:
<i>Sjeldan liggjande ulv fårekjøtt får, eller sovande mann siger</i>	Antropologane/sosiologane må aktivt marknadsføre resultata og metodane sine.
<i>Spar ikkje mjøden, men med måte du drikk: Sei det som tarvst, eler tei!</i>	Utfordringa i å utforma forskingsrapportar som gjer alle til lags.